

# **Retningslinjer for barnevernsutvalet i Samnanger kommune**

(vedtekne av kommunestyret 25.02.2021)

## **Føremål**

Samnanger kommune har eit barnevernsutval som kan gje barnevernet råd i saker som kan førebyggja at barn og unge vert utsette for omsorgssvikt eller utviklar åtferdsproblem. Utvalet skal gje råd i vanskelege saker (jf. «Mål og retningslinjer for barnevernet»). Primært gjeld det saker som kan medføra tvangstiltak. Utvalet har ikkje vedtaksmynde.

## **Samansetjing**

Barnevernsutvalet har fire medlemmer. Desse skal gjennom utdanning og praksis ha bakgrunn frå fagområde som er særleg relevante for barnevernet. Medlemmene i utvalet skal ikkje vera tilsette i Samnanger kommune.

## **Val**

Utvalet vert valt av kommunestyret. Med varighet på 2 år blir følgjande fagpersonar valt:

- Pykologspesialist Heidi Wittrup Djup
- Daglig leder for Bedre Barnevern, Tor Monsen (tidl. barnevernleder i Røyken kommune)
- Advokat Gro Hillestad Thune
- Advokat Geir Kjell Andersland

Utvalet vel sjølv leiari og konstituerer seg elles så langt som det trengst.

## **Sakshandsaming**

Barnevernsutvalet kjem i funksjon ved at barnevernsleiaren vender seg til leiaren i barnevernsutvalet og ber om råd. Leiaren i utvalet kallar deretter inn til møte så snart som mogeleg. Barnevernsleiaren på si side pliktar å be om råd så snart han vurderer tvangstiltak for eit barn. Ved akuttvedtak i barnevernet må konsultasjonen skje innan to dagar etter at atakuttvedtaket er gjort.

Barnevernsutvalet held så mange møte som det trengst, og avgjer sjølv arbeidsforma si. Leiaren i utvalet og barnevernsleiaren vert einige om kva fristar som må setjast for utvalet sitt arbeid.

Rådmannen syter for sekretær til barnevernsutvalet.

## **Teieplikt og personvern**

Barnevernsutvalet får fullt innsyn i sakene det handsamar, og medlemmene har same teieplikt som barnevernet, i samsvar med føresegnene i barnevernloven og forvaltningsloven.

## **Godtgjersle**

Fagmedlemmene i utvalet får betaling på grunnlag av fakturerert tidsbruk.

## **Finansiering**

For 2021 skal finansiering av barnevernsutvalet inngå i driftsbudsjett for barnevernet. For 2022 og dei eventuelt kommande åra skal finansiering av barnevernsutvalet inngå som sjølvstendig post i budsjett- og økonomiplan.

## **Evaluering**

Barnevernsutvalet skal evaluerast etter 2 år.